

BBABAC – Bacheloroppgåve

Korleis kan hjelparar på best mogleg vis sørgje for at barn som er utsett for omsorgssvikt opplever at det blir lagt til rette for medverknad?

- Ein litteraturgjennomgang



Det samfunnsvitskapelege fakultet

Bachelor i barnevern

UiS, Mai 2024

Kandidatnummer: 6033

Innholdsfortegnelse

1.0. Innleing	4
1.1. Bakgrunn for val av tema	4
1.2. Presentasjon av problemstilling.....	5
1.3. Avklaring av omgrep.....	5
1.4. Oppgåva sitt formål	6
2.0. Teoretisk referanseramme	7
2.1. Medverknad	7
2.2. Tilknytning/omsorgssvikt.....	9
2.3. Profesjonsrolle og profesjonsetikk	10
3.0. Metode	12
3.1. Val av metode	12
3.2. Moglegheiter og avgrensingar	13
3.3. Datainnnsamling.....	14
3.4. Analyse.....	16
3.5. Studien si truverd	17
4.0. Resultat	19
4.1. Litteraturmatrise	19
4.2. Identifisering og samanfatting av tema	27
4.3. Syn på barn	29
4.4. Struktur og organisatoriske forhold	29
4.5. Profesjonsutøving.....	30
5.0. Drøfting	31
5.1. Barnesyn.....	31
5.2. Trygge rammer.....	33
5.3. Tryggleik i yrkesrolla	34

Kandidatnummer: 6033

6.0. Konklusjon	35
Litteraturliste	36

Tal ord i oppgåva (ekskludert ord på forsida): 9619

1.0. Innleiing

1.1. Bakgrunn for val av tema

«Eit barn er heilt frå starten av avhengig av å kjenne seg trygg i ein relasjon og ut frå denne relasjonen gå ut i verda og undersøkje og utforske» (Nordhaug, 2018, s. 15). Barn som frå tidleg alder blir utsette for omsorgssvikt, kan difor oppleve å stå utan ein trygg relasjon frå barndomen. I tråd med lov om barnevern, er hjelparar som møter barn og unge mellom anna pålagt å «[...] bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.»(Barnevernsloven, 2021, §1-1). Ein grunnleggande rett barn har som følgje av nemnd lov, er også rett til å medverke i sitt eget liv. Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir, 2021) har utarbeida ei rettleiar for aktørar som møter barn og ungdom, og den omhandlar korleis hjelparar kan ivareta retten barn har til å medverke.

Blant identifiserte utfordringar knytt til barn sin medverknad finn ein at barn og unge ikkje har tillit til sin kontaktperson, at formell medverknad står som hindring for reel medverknad og at barn sin medverknad i avgjerder som omhandlar dei ikkje vert verken godt nok vekta eller dokumentert (Nøkleby et al., 2024, s. 32). Dei tre nemnde utfordringane er 3 av 27 identifiserte utfordringar i rapporten frå Folkehelseinstituttet, noko som viser at behovet for vidare forskning på dette området er stort. Ettersom barn kan sjåast som ei av dei meir sårbare gruppene menneske i samfunnet, kan det difor tenkjast som naturleg at ein må prioritere å sikre og ivareta barn og unge.

Min praksis i barnevernstenesta gav meg innblikk i kor komplekst det er å møte barn og unge som har vore utsette for omsorgssvikt. Eg opplevde at dei hadde gjennomgådd mangfaldige sterke inntrykk, noko dei sjølv ga uttrykk for gjennom både verbale og kroppslege uttrykk. Desse uttrykka gjorde det også tydeleg at kontakt med vaksne kunne vere ei stor utfordring, og at det tok tid å etablere relasjon og tillit. Med dette som utgangspunkt, blei det vanskeleg å leggje til rette for medverknad i situasjonar der ein ikkje oppnådde kontakt med barnet. Å leggje til rette for at barn som er utsette for omsorgssvikt skal få moglegheit til å medverke, er krevjande for både hjelpar og barna, noko som løfter fram kor nødvendig det er å sørgje for gode utgangspunkt for begge partar.

1.2. Presentasjon av problemstilling

Barn som er i kontakt med hjelparar frå ein eller fleire hjelpeinstansar, vil truleg ha komplekse utfordringar knytt til sin livssituasjon. Hjelparar som treff desse barna har ei eksepsjonelt viktig og omfattande rolle. Som hjelpar må ein balansere mange element samstundes; lover, prinsipp, fristar og teoretiske faktorar mot møter med menneske og innhald i samtalar. Sidan dette feltet er enormt og ein kan sjå nærmare på fleire delar av det, har eg avgrensa det til å omhandle medverknad. Det kjem av at det er blitt endringar i ny barnevernslov som gjev fleire føringar knytt til medverknad og at det er eit mykje diskutert tema innanfor fagfeltet.

Paulsen (2022), legg fram at til trass for at barn sin rett til medverknad har vore lovfesta i ei årrekke, samt at det har vore eit stort fokusområde siste åra, viser studier at barnevernet ikkje lykkast med å legge til rette for at barn og unge skal få oppleve at dei får medverke (s. 15). Ei avgrensing som også vil bli gjort i mi oppgåve er å knytte medverknad opp mot barn som har opplevd omsorgssvikt. Ettersom det er mange barn som mottok hjelp frå hjelparar, vil eg fokusere på ei gruppe barn som kan ha andre forutsetningar enn barn som ikkje har opplevd omsorgssvikt. I denne oppgåva har eg difor lagt følgjande problemstilling til grunn:

Korleis kan hjelparar på best mogleg vis sørge for at barn som er utsett for omsorgssvikt opplever at det blir lagt til rette for medverknad?

1.3. Avklaring av omgrep

Arbeid som blir utført av barneverntenesta er omfattande og variert. Medverknad er viktig for alle barn, då det er ein rett som alle barn har. Til trass for dette, vil oppgåva avgrensast til å fokusere på barn som er utsette for omsorgssvikt, då dei ofte er sett på som ei spesielt sårbar gruppe barn. Med omgrepet *omsorgssvikt* blir det her meint «[...] når barnet ikkje får dekket fysiske, psykiske eller følelsesmessige behov, og barnet ikke får den omsorgen og beskyttelsen det trenger hjemme» (Bufdir, u.å.). Det vil bli lagt vekt på korleis barnet si erfaring av å bli utsett for omsorgssvikt spelar inn på deira oppleving av å få medverke. *Medverknad* vil i denne oppgåva bety; «[...] en prosess hvor barn og unge inkluderes som samhandlings- og samarbeidspartnere og gis reell påvirkningsmulighet når det tas

beslutninger som omhandler deres liv» (Paulsen, 2022, s. 17.). *Hjelparar* i denne oppgåva vil sikte til mennesker som arbeider med å ivareta sårbare barn.

1.4. Oppgåva sitt formål

Formålet med denne oppgåva er å få ein djupare innsikt i kva som må ligge til rette for at hjelparar skal klare å få til at barn og unge, som har blitt utsett for omsorgssvikt, opplever at det blir lagt til rette for at dei skal få medverke. Dette vil bli belyst ved hjelp av fire nøye utvalde forskingsartiklar som inneheld både profesjons-perspektivet, og opplevingar frå barn. Sjølv om mi problemstilling bruker spørjeordet *korleis*, vil eg likevel ha eit bevisst forhold til spørjeordet *kvifor*, då det er «forklarende og forstående i tilnærmingen», noko som vidare strykar oppgåva mi (Thidemann, 2019, s. 51). I mi oppgåve vil eg sjå på kva som bidreg til at medverknad er eit område fleire verkar for å oppleve som utfordrande, og korleis det heng tett saman med behovet for meir forskning rundt korleis vi kan få det betre til.

2.0. Teoretisk referanseramme

I dette kapittelet vil eg presentere relevant teori som eg vil bruke til å belyse problemstillinga mi. Første del av teorikapittelet vil omhandle medverknad som perspektiv og vil gje innsikt i kor omfattande dette perspektivet kan vere. Vidare vil eg greie ut om tilknytning og omsorgssvikt, og korleis desse omgrepa heng tett saman og kor stor påverknad dette kan ha for barn. Avslutningsvis i teorikapittelet vil eg trekke fram rolla til hjelparar som profesjonsutøvarar og kva denne rolla inneberer i samanheng med korleis hjelparar skal kunne sørge for at barn som er utsett for omsorgssvikt opplever at det blir lagt til rette for medverknad.

2.1. Medverknad

Medverknad er eit perspektiv som kan bli forstått ut frå ei rekke faktorar. I forståinga av medverknad er det viktig at vi tenkjer over kven som nyttar seg av medverknad, i kva samanheng medverknad vert brukt og kva mål ein ønsker å nå ved bruk av medverknad. I mi oppgåve vil eg legge til grunn Paulsen (2022) sin definisjon av medverknad, som blei definert i kapittelet avklaring av omgrep.

Ut i frå definisjonen av medverknad, vil kvart enkelt individ gjere seg opp ei eiga meining om kva omgrepet betyr for dei. Definisjonen legg vekt på at barn får ein status som individ det skal arbeidast tett saman med, slik at dei vil få reell påverknadsmoglegheit. Barn med erfaring innan barnevernet vektlegg kor problematisk det er at fagfolk nyttar eit så uklart perspektiv, spesielt voge opp mot viktigheita av det for barn. (Alexander proff et al., 2018, s. 64). Barna uttrykker sjølve fleire element som kvar enkelt yrkesutøvar har ansvar for i prosessen knytt til medverknad. Blant det barna seier kjem det fram at barnet; «får nok og nyttig informasjon, får snakke trygt til barnevernet, får vere med å bestemme, får bidra i dokumentasjon og får gi tilbakemelding til barnevernet.» (Alexander proff et al., 2018, s. 65).

Roger Hart er ein av mange som har bidratt til ei ekstensiv forståing av korleis medverknad kan brukast. Hart (1992) har konstruert det som er kjent som «Children's Ladder of Participation», som bygger på Sherry Arnstein (1969) sin «Ladder of Citizen Participation» (Hart., 1992, s. 8). Hart deler stigen inn i 8 ulike steg som går frå manipulasjon på nederste

steg til at barn sjølve initierer deltaking i avgjerder saman med vaksne. Det blir også presisert av Hart at steg ein til tre blir sett på som «non-participation», og at dei vidare stega er grader av deltaking. Biletet av ein stige illustrerer korleis barn kan bli plassert på dei ulike stega, ut i frå kva hjelp dei får til å klatre den. Nedst på stigen kan det tenkast at barn ikkje blir vurderte til å ha deltakingsevne, men dersom ein klatrar stigen, blir barn stadig vurdert som meir sjølvstendige menneske med større deltakingsevne. Til trass for Hart sin modell av barn sin medverknad, er det avgjerande at hjelparar også arbeider kontinuerleg og bevisst med medverknad, ettersom det er ein rett barn har.

Retten til medverknad er lovfesta i fleire lovverk, deriblant grunnlova, barnekonvensjonen og barnevernslova. Barnekonvensjonen er også til dels inkorporert i den norske barnevernslova, noko som indikerer kor viktig ivaretaking av barn står som verdi i det norske samfunnet. Ordlyden i barnevernslova uttrykker at: «Et barn som er i stand til å danne seg egne meninger, har rett til å medvirke i alle forhold som vedrører barnet etter denne loven.» (Barnevernsloven, 2021, §1-4). Innhaldet i denne lovteksten fortel noko om at barn skal få tilpassa informasjon slik at dei kan ytre ei meining og det skal takast individuelle vurderingar rundt alder og modning til barnet i forhold til vekting av barnet si meining.

Felles for alle desse lovverka, er at profesjonsutøvarar som er pliktige til å hjelpe barn, er pålagde å arbeide på ein slik måte at barn og unge sine rettar blir sikra og ivaretekne. Til trass for at medverknad er lovfesta fleire stader, oppstår det utfordringar. Medverknad aleine gjev ikkje konkrete beskrivingar av korleis ein kan sørge for at det blir lagt til rette for medverknad. Lovtekstane er opne og gjev rom for at den enkelte profesjonsutøvar må ta i bruk sitt faglege skjønn. Det faglege skjønnet er «faglige vurderingar som profesjonsutøvere må gjøre, som ikkje støttes direkte av overordnede juridiske regler. Den som utøver skjønn, må bruke sin dømmekraft.» (Storø & Løkke, 2021, s. 116), som må nyttast i kvar enkelt sak, då alle saker er ulike.

2.2. Tilknytning/omsorgssvikt

Barn som stadig utviklar seg, har behov for ein eller fleire trygge tilknytingspersonar som barnet kan vende seg til når dei har behov for trøst og beskytting i situasjonar dei ikkje er trygge i (Sjøvold & Furholmen, 2020, s. 59). Tilknytning blir her forstått som; «[...] den eksklusive følelsmessige forbindelse som et menneske danner til et annet menneske, slik at de opplever seg forente selv når de ikke fysisk er sammen.» (Sjøvold & Furuholmen, 2020, s. 59). Tilknytning og omsorgssvikt heng tett saman, då førstnemnte omhandlar eit behov barn har for å utvikle seg adekvat, medan det sistnemnte omhandlar barn som ikkje får grunnleggande behov dekt. Tilknytning er noko som blir utvikla i samspel mellom menneske, ofte barn og vaksne, medan omsorgssvikt kan bidra til at tilknytninga svekkast.

Tilknytingsperspektivet framstiller ein samanheng mellom kva kvalitet av nærleik barn opplever frå primære omsorgsgjevarar, og kva tilknytingsmønster barn typisk viser (Amble & Johansen, 2016, s. 49-51.). Summert opp er det utvikla ein modell ved namn ABC-modellen, kvar type B er trygg tilknytning, type A er unnvikande og type C er ambivalent. Førstnemnde type er den trygge tilknytninga, medan dei sistnemnde er klassifisert som utrygge mønstre. I etterkant av utviklinga av ABC-modellen er det lagd til ein type D tilknytningstype, kategorisert som utrygg og kjenneteikna som desorganisert. Avhengig av kva kvalitet av nærleik og tryggleik barn opplev frå sine omsorgsgjevarar, vil også spegle seg i barn si utvikling. Gjennom barndommen utviklar barn indre arbeidsmodellar med rot i kva samspel barna erfara med sine omsorgspersonar (Amble & Johansen, 2016, s. 51). Erfaringar med vaksne som er emosjonelt og fysisk utilgjengelege i situasjonar kvar barnet har behov for tryggleik vil truleg skape ei førestilling for barnet om at dei ikkje kan ha tillit til vaksne når dei treng det. Barn som er utsett for omsorgssvikt, og i tillegg utviklar eit utrygt tilknytingsmønster, vil dermed vere i risiko for å veske opp med ein grunnleggande mistillit til vaksne som viser dei omsorg.

På den eine sida kan vi sjå tydeleg at barn som er utsette for omsorgssvikt truleg har negative forutsetningar for positiv utvikling i oppveksten. På den andre sida er det avgjerande at hjelparar ikkje har eit deterministisk syn på barn som er utsette for omsorgssvikt. Faktorar som alder, omfang og miljø er elementære i dette perspektivet. Forsking viser at «Konsekvensene synes å bli meir alvorlige jo yngre barnet er når det utsettes

Konsekvensene synes også å bli mer eller mindre alvorlige alt etter hvor kroniske eller gjentakende belastningene er» (NOU 2017: 12, s. 29). Gjertsen (2007) viser til det som er kjent som «perspektivendringen fra elendighet til mestring» (s. 24). Endringa gjev innsikt i korleis ein tidlegare har tenkt at barn sin problematiske åtferd vil resultere i eit elendig utfall, medan det no har skjedd ei endring i at ein ser på barn sine beskyttingsfaktorar som moment som vil styrke barn og unge sine moglegheiter for meistring.

2.3. Profesjonsrolle og profesjonsetikk

Profesjonsrolle viser til kva handlingar menneske i ein bestemt posisjon utfører knytt til det spesifikke yrket dei er ein del av (Storø & Løkke, 2021, s. 106 & s. 112). Innan profesjonsrolla er det ei rekke omsyn som må balanserast til ei kvar tid. Blant desse omsyna finn ein verdiar, moral og etikk. Nemnte omsyn kan forståast som nokre «overordna oppfatningar» som styrer våre handlingar, samt hjelper oss å velje mellom når ein skal utføre noko eller ikkje, og om det ein vil utføre er riktig eller gale (Storø & Løkke, 2021, s. 53, s. 93 & s. 132).

Yrkesetisk grunnlagsdokument er eitt av fleire verktøy ein kan nytte seg som profesjonsutøvar for å finne konkrete retningslinjer på verdiar, moral og etikk. Verdiar som kjem til syne i dokumentet er mellom anna menneskeverd, tillit og omsorg (Fellesorganisasjonen, 2011, s. 6 – 7). Gjennom aktiv bruk av yrkesetisk grunnlagsdokument kan profesjonsrolla bli tydelegare definert og kontinuerleg styrka i form av bevisstgjerung av eigne verdiar og haldningar. Som innehavar av ei profesjonsrolle vil ein truleg treffe menneske som har eit sett med forventningar til korleis ein skal framstå på bakgrunn av menneske si oppfatning av korleis bestemte profesjonsroller er. Difor kan det vere hensiktsmessig å ha eit ærleg og nært forhold til verdiar i lys av profesjonsrolla.

Sjølv om ein opparbeider seg positive forhold til verdiar, vil ein også møte på yrkesetiske utfordringar i profesjonsrolla. Etikk handlar som nemnt tidlegare om kva ein burde eller ikkje burde gjere, noko som presenterer seg som særleg relevant i møter med menneske. Makt er ein sentral komponent i profesjonsrolla, då hjelperar er i ein unik posisjon med mynde til å ta

avgjerder som er inngripande i barn sine liv. Moment som skjønn og dømmekraft, dialog, teieplikt, lojalitet og openheit er alle sentrale komponentar som kan stå sentralt i diverse profesjonsetiske utfordringar (Fellesorganisasjonen, 2011, s. 8 – s. 13). Kunsten å handle på ein balansert profesjonsetisk måte kan sjåast i assosiasjon med gjennomtenkt utøving av makt, kvar ein inkluderer sine samarbeidspartar, samt støtter seg på andre profesjonsutøvarar og oppnår eit forhåpentlegvis godt resultat.

3.0. Metode

3.1. Val av metode

I mi oppgåve har eg valt å bruke litteraturstudie som metode. Ein kan skilje mellom allmenn litteratur studie og systematisk litteraturstudie. Førstnemnde er «[...] en beskrivelse av kunnskap og en analyse av et utvalg av studier som finnes innenfor et bestemt område» (Forsberg & Wengström, 2013, referert i Thidemann, 2019, s. 79). Sistnemnde definerast på følgjande vis; «[...] en oppsummering og sammenstilling av relevant forskning og eksisterende kunnskap innenfor et bestemt forskningsområde» (Universitetet i Oslo, 2015, referert i Thidemann, 2019, s. 79). I denne oppgåva vil eg bruke systematisk litteraturstudie, då eg gjennom søk i databasar skal finne forskingsartiklar som er relevante til mi problemstilling. Ved å systematisere den kunnskapen eg finner, samt sjå dei i lys av mi problemstilling, vil eg kunne presentere ei ny forståing av materialet.

På den eine sida ville det vore interessant å kunne gjort ein eigen studie innanfor teamet og problemstillinga, men ettersom vi har eit halvt år til å skrive denne oppgåva, ville dette truleg ikkje blitt vellukka. Grunnen til at det truleg ikkje hadde blitt vellukka er mellom anna at det tek tid å etablere kontakt med potensielle kandidatar til eit slik prosjekt, og samtidig innhente etiske godkjenningar. Til tross for dette, får eg gjennom litteraturstudie moglegheit til å fordjupe meg i eit valfritt tema og setje meg inn i kva andre har forska på, og på slik måte bli meir informert og potensielt inspirert og motivert til vidare arbeid. Innanfor litteraturstudie, har eg valt å bruke kvalitativ forskingsmetode, då den tek sikte på «[...]å få kunnskap om menneskelige eigenskapar som meninger, opplevelser, erfaringer, tanker, forventningar, motiver og holdningar, og få frem nyansar.» (Thidemann, 2019, s. 76.). Denne metoden vil vere relevant for å svare ut korleis hjelpearar på best mogleg vis kan sikre at barn som er utsett for omsorgssvikt opplever at det blir lagt til rette for medverknad.

3.2. Moglegheiter og avgrensingar

I ei kvar oppgåve vil ein kunne trekkje ut styrker og svakheiter som kan sjåast på som faktorar som skapar moglegheiter og avgrensingar for ein tekst. Problemstillinga mi, som stiller spørsmålet om korleis hjelparar på best mogleg vis kan sørgje for at barn som er utsett for omsorgssvikt opplever at det blir lagt til rette for medverknad, er ikkje noko unntak. Eg har avgrensa det til å handle om hjelparar, altså menneske i ei rolle som profesjonsutøvarar som har som arbeidsoppgåve å yte hjelpetenester til barn, og ikkje inkludert andre vaksne som familiemedlem eller vaksne barn elles treffer i ulike samanhengar som fritidsaktivitetar. Ettersom eg har valt meg ut kvalitativ forskingsmetode, vil det vere lønsamt å avgrense kven det blir spurt om i problemstillinga, då kvalitativ metode fokuserer på at ein er «tett på» dei menneska ein forskar på og det vil truleg bli meir utfordrande å vere «tett på» mange individ. (Tjora, 2021, s. 17). Ein vil også ved bruk av kvalitativ metode ha ulike former for å analysere data som blir samla inn, og i mi oppgåve vil data frå kvalitativ metode svare best ut forskingsspørsmålet mitt.

Likeins som avgrensinga mi av hjelparar, har eg også avgrensa oppgåva til å spørje om barn som er utsett for omsorgssvikt. Ved gruppering av desse barna som ein kategori som ein skil frå andre barn og unge, får eg eit mindre utval som skal inkluderast i oppgåva. Barn og unge som det spesifikt blir avgrensa til, vil ha eit unikt sett med erfaringar samanlikna med dei barna som ikkje møter inklusjonskriteria. Dette vil også forme kva data som blir inkludert, og føre til at verdifull data frå andre barn og unge ikkje kjem til syne i mi oppgåve.

Bias, ofte også kalla partiskheit, er «skjevhet i vitenskapelig undersøkelse eller resultat, især pga. mangelfull systematikk i innsamlingen av data» (NAOB, u.å.) I kontekst med menneske, kan betydninga overførast til å vere kva ein sjølv trur ut frå egne erfaringar, som kan ha påverknad på vår oppfatning av menneske vi møter i ulike situasjonar. Eg blei tidleg bevisst på mi oppfatning av at dersom hjelparar ikkje hadde lagt til rette for medverknad var det anten fordi barnet var vanskeleg å møte, eller at hjelparane ikkje prioriterte det i arbeidet med barnet eller ungdommen. Utgangspunktet for mitt bias var at eg tenkte at saka var så belastande at barnet skulle få bli skjerma frå å måtte snakke med barnevernet, og at dette var dei vaksne sin måte å ivareta barnet. Dette kan kome av eigen erfaring frå å sjølv ha blitt ekskludert frå avgjerder som angjekk meg, som eg i ettertid skulle ha ønskt å få vere ein del av. I og med at

eg har eit bevisst og transparens forhold til mitt bias, vil det ikkje skape like stor avgrensing som ved tilfelle der ein ikkje er open om at ein har før forståingar.

3.3. Datainnsamling

For å sikre god datainnsamling til litteraturstudien, var det viktig at materialet heldt ein høg standard. Ved bestemming av inklusjons- og eksklusjonskriterier, måtte mellom anna artiklane vere publisert dei siste seks åra, samt vere fagfelleverdert. Utgangspunktet for oppgåva stiller krav om at artiklane skulle vere publisert innan siste fem år, men eg har gjort eit unntak for mi oppgåve. Då det var utfordrande å finne gode artiklar, utvida eg søket med eitt år, noko som gav meg gode treff og eg gjorde ei vurdering rundt å utvide søket med eitt år. Dette gav gode resultat på aktuell og relevant forskning.

Då utvalet av moglege databasar å søke i er stort, blei det avgrensa til å bruke Oria og Idunn. Dette er fordi innleiande søk i fleire databasar gav treff på medisinske og kliniske studier, noko som ikkje hadde nok overførbarhet til barnevernfag. I tabellen nedanfor blir kriteria for inklusjon og eksklusjon presentert. Oppgåvekriteriene spør etter fagfelleverderte og vitenskaplege artiklar, noko som fører til at fagartiklar ikkje møter kravet. IMRaD struktur blei leita etter i søket om vitenskaplege artiklar, då gode artiklar som regel følgjer denne strukturen (Thidemann, 2019, s. 30) Samstundes er det gjort eit val om å bruke artiklar med kvalitativ forskning og ikkje kvantitativ forskning då kvalitativ forskning kan gje svar på korleis og kvifor, og det er det mi problemstilling spør om.

Tabell 1. Inklusjons- og eksklusjonskriteria

Inklusjonskriteria	Eksklusjonskriteria
Fagfelleverdert	Ikkje fagfelleverdert
Vitenskaplege artiklar	Fagartiklar
Publisert siste seks år	Eldre enn seks år
Kvalitativ forskning	Kvantitativ forskning
Norsk, engelsk, svensk eller dansk språk	Ikkje overførbar til norske forhold
Overførbar til norske forhold	

Innleiingsvis blei det gjort søk med tilfeldige ord som kunne vere relevante til problemstillinga. Dette gav ein god ide over kva litteratur som var publisert rundt temaet eg


ønskte å finne meir kunnskap om. I tillegg til å gje oversikt over potensielt materiale, blei eg gjort bevisst på at problemstillinga mi truleg ville endre seg gjennom prosessen om å søke. Ein del av det publiserte materialet var verken relevant eller overførbart til problemstillinga mi, og eg blei nøydd å jobbe fram og tilbake og forme den etter kva artikkel eg ønskte å nytte meg av.

Søkeord som blei brukt i første del av søkeprosessen var ord frå problemstillinga; til dømes «hjelpere», «barn», «omsorgssvikt» og «medvirkning». Etter nokre overordna og generelle søk, blei det tydeleg at det også ville vere gunstig å bruke engelske søkeord, då det var meir forskning og publisert tekst på dette området på engelsk. Ord som blei brukt i søk vart difor også «child», «participation» og «social work». Desse søkeorda gav eit stort utslag i både Oria og Idunn, noko som indikerte at ein måtte bygge ein systematisk søkestrategi for å finne dei mest relevante forskingsartiklane for oppgåva mi.

Eg nytta dei boolske operatorane AND, OR og NOT for å avgrense treff i databasar (Thidemann, 2019, s. 87). I både Idunn og Oria var det eit eget system dei hadde kalla «avansert søk». Ved bruk av boolske operatorar blei søka gradvis betre i at treffa var meir spissa med treff på artikkel eg kunne knytte til problemstillinga mi. For å sikre at alle relevante ord ville bli inkludert, tok eg i bruk trunkering som del av oppbygging av min systematiske søkestrategi. «Trunkering betyr å søke på et avkortet ord, også kalt *ordstamme*» (Thidemann, 2019, s. 87). Det vil sei at ved søk på ord som child eller social work ville det kunne gje treff på fleirtal, eintal og andre variasjonar av ordet.

For å synleggjere søkeprosessen min, er det blitt nytta eit flytskjema. Flytskjema organiserte visuelt korleis det ville vere naturleg å gjennomføre dei planlagte søka eg skulle ha. Det var oversikteleg og enkelt å navigere etter prosessen som er skriven om ovanfor.

Figur 1. Søkehistorikk i flytskjema.



3.4. Analyse

Analysearbeidet i mi oppgave baserer seg på ein forenkla, tematisk analyse (Thidemann, 2019, s. 96-97). Når eg brukte denne metoden identifiserte eg først tema som framkom av litteraturen i vitenskapsartiklane, for så å samanfatte tema. (Thidemann, 2019, s. 96-99).

Innleiingsvis i analyseprosessen min leste eg resultatkapittelet i artiklane mine og skreiv ned kva tema som var gjentakande. Etter denne prosessen hadde eg notert meg fleire tema frå kvar artikkel, nokon større og nokon mindre. Vidare i analysen arbeida eg med å samanfatte dei foreløpige tema til litt færre og breiare tema. I samanfattinga av tema oppdaga eg at det var nokre tilfelle av at eit tema ikkje passa med alle artiklane, men berre med to eller tre av dei. Tema som gjentok seg var syn på barn, struktur og organisatoriske forhold og profesjonsutøving.

3.5. Studien si truverd

Formålet med ein litteraturstudie er å gjennomføre ein omfattande studie og tolke litteratur som relaterer seg til eit bestemt spørsmål (Aveyard, 2019, s. 4, eiga omsetjing). Fordelar med bruk av litteraturstudie er at det skapar ein oversikteleg analyse av eit breitt forskingsmateriale slik at ein som lesar ikkje skal vere nøydd å lese kvar forskingsartikkel for å forstå innhaldet. Bruk av litteraturstudie som metode for å presentere ei ny vinkling på eit allereie eksisterande tema eller forskning, vil også hindre at ein godtek slutningar ut frå enkeltstudie og vidare skape ein meir heilskapleg illustrasjon av området eller teamet. Dette opnar for større innsikt i viktige og dagsaktuelle tema, samt skapar rom for å trekke nye konklusjonar og vidareutvikle forståing.

På den eine sida kan det opplevast at det er mange styrker ved å samanlikne fleire artiklar, men det medfører også på den andre sida nokre moglege svakheiter. Faktorar som søkeord, tal søk og kravet til oppgåva om tre til fem artiklar avgrensar oppgåva betydeleg. Følgjeleg av denne avgrensinga resulterer det i at eit omfang av eksisterande litteratur ikkje kan inkludrast i litteraturstudien i denne oppgåva. Studiens truverd kan difor bli tvilt på grunna desse svakheitene. Til trass for moglege element som kan føre til tvil, blir det i dette tilfellet brukt utvalde fagfellevurderte vitenskaplege publikasjonar som er blitt nøye vurdert, studert og leste. Ikkje minst kan ein sjå ein studie som truverdig dersom dei funna som vert presenterte her speglar andre samanliknbare funn som dei som blir presentert her.

Litteraturen som blei inkludert i mi oppgåve blei valde då dei både var relevante i lys av tematikken og på forskjellige vis belyser dei ulike delane av problemstillinga. Eg tok utgangspunkt i inklusjonskriteria for kva artiklar måtte oppfylle for å kunne passe i mi oppgåve, og etter å ha lest grundig gjennom artiklane fleire gonger fekk eg bekrefta at dei ville vere passande til å svare ut problemstillinga. Vidare er reliabilitet og validitet to viktige områder å vurdere opp mot artiklane. Validitet spør etter om studien har målt det dei sette som intensjon å måle, medan reliabilitet siktar til om studien er påliteleg og tillitsverdig, og om resultata ville gjentatt seg ved gjentaking av studien. (Aveyard, 2019, s. 75). Subjekta som blei inkluderte i studia i artiklane kan antakast å ha ein representativ posisjon, då dei innehar roller og stillingar som representerer like roller i samfunnet. Utvalet på tvers av artiklane er breitt og det blir formulert tydelege problemstillingar gjennom god struktur. Artiklane er

Kandidatnummer: 6033

publiserte i anerkjente tidsskrift som har innarbeidde rutine for kvalitetssikring av fagfellevurdering av artiklar. På bakgrunn av disse argumenta har eg vurdert at artiklane sin validitet og reliabilitet er tillitsverdige.

4.0. Resultat

I dette kapittelet vil eg presentere resultatata frå dei fire forskingsartiklane mine. Artiklane vil bli framstilt i litteraturmatriser, då det skapar ein oversikteleg presentasjons av dei viktigaste elementa. Vidare i resultatdelen vil eg nytte Aveyards tematiske analysemodell til å utarbeide temaer, samt samanfatte dei til å skape grunnlag for den tematiske analysen av funna i artiklane. (Thidemann, 2019, s. 96-98).

4.1. Litteraturmatrise

Utarbeiding av litteraturmatrise er eit nyttig verktøy, då det bidreg til å samanfatte og notere viktig informasjon frå kvar av artiklane. Det er hensiktsmessig for å få ein oversikt over kva dei viktigaste elementa i kvar enkelt artikkel er, men også når alle artiklane skal samlast opp og samanliknast (Thidemann, 2019, s. 95). Utforminga av mine litteraturmatriser er basert på ein modell funnen i Thidemann (2019, s. 95), og siste del av matrisene er det blitt brukt sjekklister for kvalitativ forskning henta frå Helsebiblioteket (2021).

Tabell 2. Artikkel 1

Tittel	Frontline Worker's Challenges in Hearing Children's Voices in Family Support Services
Referanse	Stafford, L., Harkin, J., Rolfé, A., Morley, C., & Burton, J. (2022). Frontline Worker's Challenges in Hearing Children's Voices in Family Support Services. <i>Australian Social Work</i> , 75(1), 96-110. https://doi.org/10.1080/0312407X.2021.1904427
Hensikt	Gje ny innsikt i kvardagserfaringa til utøvarar av familjestøttetenester når det gjeld å høyre barn sine stemmer for å bidra til å informere om endringar som er nødvendige for å oppretthalde barn sine rettigheter.
Metode	Det blei brukt kvalitativ metode. Worldcafé fokusgrupper blei nytta.
Utval	46 profesjonsutøvarar fordelt på urbane og regionale lokasjonar i Australia.
Resultat	Det blir lagt fram fire hovudpunkt rundt kva som er utfordringa knytt til barn sin medverknad. Det er <i>mangel på anerkjenning av barn i familjestøtteprogram, mangel på kulturell verdi knytt til barn sine</i>

	<p><i>stemmer, mangel på gode forhold mellom dei profesjonelle organisasjonane, foreldre og barna, og mangel på adekvate ressursar til å utføre inkluderande arbeid ovanfor barn. Desse fire punkta viser til kompleksitet i utfordringane til sosialarbeidarane og møtet med kravet om barn sin medverknad. Dei opplevde lite fokus på det i fagleg samanheng, og at dette overførte strev til samarbeid mellom dei profesjonelle og klientane. Mangelen på adekvate ressursar gjorde det også utfordrande å skulle bidra til at dette vil endre seg.</i></p>
Etikk	Etisk godkjenning blir lagt fram.
Relevans	Studien handlar om kva profesjonsutøvarar peiker på som mest utfordrande knytt til arbeid med barn sin medverknad.
Kvalitets-vurdering	<p>Artikkelen er fagfelleurdert, samt publisert i eit fagfelleurdert tidsskrift. Framgangsmåten er beskriven og artikkelen er av nyare dato. Forfattarane har i artikkelen ikkje eksplisitt skrive noko om kva dei sjølve har identifisert som styrker eller svakheiter ved studien deira. På den eine sida har dei fokusert på kva faktorar som må ligge til rette for at hjelparane skal få best mogleg forhold og føresetnad for å drive ein praksis med fokus på medverknad. På den andre sida er det ikkje blitt fokusert noko på kva barn sjølve uttrykker rundt kva som må ligge til rette. Begge punkt er sentrale i kva element som skapar utfordringar knytt til studien sin validitet og reliabilitet.</p>

Tabell 3. Artikkel 2.

Tittel	Challenges of participation in child welfare
Referanse	Seim, S., & Slettebø, T. (2017). Challenges of participation in child welfare. <i>European Journal of Social Work</i> , 20(6), 882-893. https://doi.org/10.1080/13691457.2017.1320531
Hensikt	Drøfte kva betingelsar som må ligge til rette for å utvikle deltakande relasjonar med barn i kontakt med barnevernet.
Metode	Artikkelen sin metode baserer seg på tre prosjekt som alle er kvalitative studier. - Intervju, deltakar observasjonar, fokusgruppe intervju, respondent validering og minutt frå møter blei nytta i det første prosjektet. - Observasjonar og intervju blei nytta i det andre prosjektet. - Fokusgruppe intervju, deltakar observasjonar, minutt frå møter, diskusjon om saker, dialog konferansar, workshops og observasjonar i feltet av lokalt barnevern blei brukt i det tredje prosjektet.
Utval	27 ulike barnevernkontor, uspesifiserte barnehagar og skular, samt 4 forskarar frå to universitet.
Resultat	Forfattarane presenterer sine funn i fire delar, som er <i>organisatoriske utfordringar, barn sin tilgang på hjelp og informasjon, samtale aleine med sosialarbeidaren og tid og stad for barn å medverke</i> . Artikkelen viser både til profesjonsutøveren sitt perspektiv som opplever måten systemet er organisert på ikkje gjev rom for å fremje barn sin medverknad, samt oppdaginga av kor vanskeleg det er å kome i kontakt med hjelpeapparatet, både for vaksne og ikkje minst for barn. Dei siste to delane rettar fokuset mot barneperspektivet. Barn uttrykker kor vanskeleg det opplevast å skulle fortelje om det som er vanskeleg heime når foreldre er i same rom eller hus. I tråd med dette trekk barna fram at områder som å gå ein tur ute saman eller andre arenaer der dei får snakke aleine med sosialarbeidaren gjer at dei føler seg friare til å fortelje om det som er vanskeleg.
Etikk	Gjort rede for etisk godkjenning og etisk behandling av deltakara.

Relevans	Studien presenterer både kva utfordringar profesjonsutøvarane møter på frå sitt perspektiv, og samstundes kva barn uttaler seg om at ville bidratt til eit betre forhold til sosialarbeidarar.
Kvalitets-vurdering	Fagfellevurdert og av nyare dato. Framgangsmåten er grundig beskriven. Forfattarane merker seg at valet med å bruke fleire studier som har gått for seg over tid har skapt ein moglegheit til å styrke valideringa av funna deira. Utvikling og testing av modellar for barn sin medverknad har også gjeve innsikt i kva som fungerer og kva som ikkje fungerer i praksis. Det er ikkje blitt gjort nokre merknadar på kva negative konsekvensar som kan eksistere i denne artikkelen. Følgjeleg kan det tenkast at dei positive konsekvensane med eit breitt materiale vege tyngre enn dei negative, men studien ville dratt nytte av meir transparens rundt utfordringane.

Tabell 4. Artikkel 3.

Tittel	Failures in the Child Perspective: Social Worker's Experiences of Losing Focus of the Child
Referanse	Koziel, S., Hultman, L., Spånberg Weitz, Y., Bertilsdotter, H., & Elmersjö, M. (2023). Failures in the Child Perspective: Social Worker's Experiences of Losing Focus of the Child. <i>The International Journal of Children's Rights</i> , 31(2), 352-377. https://doi.org/10.1163/15718182-31020006
Hensikt	Å utforske utfordringar knytt til barnesentrert praksis og moglegheitene for å jobbe på ein barnesentrert måte frå perspektivet til sosialarbeidaren i ulike organisatoriske kontekstar og varierende barnevernkontor.
Metode	Kvalitativ studie med intervju.
Utval	Sju kvinnelege sosialarbeidarar som har arbeidd med barn og familiar i forskjellige organisatoriske kontekstar, og meinte at dei aktivt brukte barneperspektiv i arbeidet sitt.
Resultat	Forfattarane delar funna sine inn i to hovudoverskrifter, som er <i>utfordringar av ein barnesentrert praksis og arbeid i tråd med barnesentrert tenking</i> . Under dei respektive overskriftene, delar forfattarane funna i henholdsvis tre og to underoverskrifter, som er <i>dominansen av vaksne, sosialarbeidaren sitt syn på barn i lys av rettsleg status og ideologisk grunn, og sosialarbeidaren sin kompetanse</i> . Vidare er dei to siste underoverskriftene <i>etterkomme barn sine ønsker og behov: lage tid og etablere forhold til barn og signifikansen av formaliserte dokument og prosedyrer</i> . Både blir det problematisert at barn sin medverknad ikkje har ein tydeleg plass i praksisfeltet, med vaksne som dominerer, men det blir også løfta fram faktorar som kan bidra til å fasilitere betre barneperspektiv og medverknad i praksis.
Etikk	Studien gjer greie for etiske godkjenningar og god ivaretaking av deltakarar gjennom anonymisering.

Relevans	Konteksten i studien er utfordringar med barn sin medverknad, men også samtidig kva element som vil bidra til at profesjonsutøvarar får ein styrka posisjon til å fremje medverknaden til barn.
Kvalitets-vurdering	Artikkelen er fagfelleurdert, samt publisert i eit fagfelleurdert tidsskrift. Teksten er publisert i nyare dato og framgangsmåten blir beskriven. I slutten av artikkelen peiker forfattarane sjølve på nokre avgrensingar som kan både ha positive og negative sider ved seg. Utvalet av deltakarar bli trekt fram som smalt og det kan sjåast i korrelasjon med at teoretisk metning ikkje blei oppnådd. Til trass for dette opna det smalet utvalet for rike og djupe data som blei samla inn og som vidare førte til ein detaljert analyse. Det avgrensa utvalet har truleg påverka moglegheita til å generalisere resultatet av studien, samt reliabiliteten til samanlikning med liknande studier, men utvalet har bidrege til å få svar på det forskarane stilte sitt forskingsspørsmål om.

Tabell 5. Artikkel 4.

Tittel	Små barns muligheter til medvirkning i barnevernets undersøkelser
Referanse	Sethre, K. A., & Seim, S. (2023). Små barns muligheter til medvirkning i barnevernets undersøkelser. <i>Tidsskriftet Norges barnevern</i> , 100(1), 36-52. https://doi.org/10.18261/tnb.100.1.4
Hensikt	Korleis saksbehandlarar forstår små barn og deira moglegheit til å medverke i barnevernet sine undersøkingar.
Metode	Kvalitativ metode med bruk av intervju.
Utval	Sju kvinnlege saksbehandlarar i kommunale barnevernstenester som har ansvar for undersøkingssaker som involverer små barn mellom eitt og tre år.
Resultat	Studien sine funn blir delt inn i fire tema, der alle er <i>små barn; har behov for trygghet, omsorg og støtte; må forstå i lys av relasjonene de inngår i; mangler kompetanse; gis en stemme gjennom å bli «sett»</i> . Barna blei omtalt som objekt enn subjekt i denne studien, og dette hadde samanheng med kva ord saksbehandlarane valte å bruke til å omtale barna. Det er av dette tema i funna kjem frå. Det blir i stor grad fokusert på at små barn er «human-becomings» i staden for «human-beings».
Etikk	Etiske godkjenningar blir tydeleg lagt fram.
Relevans	Studien har direkte relevans til barnevernsfaget med undersøkingar i barnevernet og fokus på korleis saksbehandlarar forstår små barn sine moglegheiter til å medverke.
Kvalitets-vurdering	Artikkelen er fagfelleverdert og publisert i eit fagfelleverdert tidsskrift. Publikasjonen er av nyare dato og framgangsmåten blir gjort reie for på ein oversikteleg måte. Forfattaren oppgjer sjølve styrker og svakheiter ved studien, mellom anna at dei har teke utgangspunkt i sakshandsamarane eigne fortellingar, og ikkje gjort eigne undersøkingar i korleis materielle, økonomiske eller administrative rammer kan ha påverka praksisen. Det finnes difor grunnlag for å seie noko om barna sine moglegheiter til medverknad, men ikkje om korleis den faktiske medverknaden har gått føre seg.

	<p>Forfattarane belyser også at dei har valt ut barn i alderen eitt til tre år og at dette utvalet har både snevra inn kva sakshandsamarar som har kunne delteke i studien, og kva diskursar som har vorte aktualisert. Samstundes som studien sine resultat ikkje kan generaliserast, kan studien likevel bidra til kunnskap om kva moglegheiter det finnast for små barn til å kunne få medverke i barnevernet.</p>
--	---

4.2. Identifisering og samanfating av tema

I starten av arbeidet med å identifisere tema i dei ulike artiklane, gjorde eg slik Aveyard anbefaler, og brukte markeringstusj for å utheve kvar eg fann temaet i teksten. (Thidemann, 2019, s. 97). Tema blei funne i resultatkapitla og kan seiast å summere opp hovudpoenga i korte trekk. (Thidemann, 2019, s. 97). Dette gjorde det også enklare seinare i arbeidet når alle tema skulle skrivast inn i tabellar, då det var enkelt å finne tilbake til kvar eg hadde markert meg tema. Vidare i framgangsmåten min hadde eg problemstillinga mi framfor meg heile vegen for å sjekke at tema eg markerte, kunne relaterast til det eg var på søken etter svar på. (Thidemann, 2019, s. 97). Undervegs i identifiseringa, blei det openlyst at sidan fleire av artiklane omhandla til dels lik problematikk, var det nokre av tema som var relativt like. Tema som eg identifiserte kjem til syne i tabell 6 nedanfor.

Tabell 6. Samanlikning av foreløpige tema.

Artikkel 1.	Artikkel 2.	Artikkel 3.	Artikkel 4.
1. Barn som part i saka	1. Mangel på rutiner og struktur	1. Barneperspektiv	1. Omtaling av barn
2. Perspektiv på barn	2. Barn sin tilgang på informasjon	2. Kommunikasjon evne	2. Små barn som ein del av noko større
3. Forventing om å levere resultat	3. Samtale aleine med sosialarbeider	3. Tillit i relasjonar	3. Evner hjå barn
4. Manglande ressursar	4. Tid og stad for barn sin medverknad		

Slik som det blei nemnt ovanfor, var det nokre av tema som kunne oppfattast som relativt like. Neste steg i den tematiske analysen er å samanfatte og gruppere dei tema med likskapar i eit overordna tema (Thidemann, 2019, s. 97). Tabell 7 nedanfor vil både vise til kva tema som kan sjåast som relativt like, samt illustrere kva resultat som kjem sterkast fram gjennom tema i dei ulike artiklane.

Tabell 7. Samanfating av tema

Tema frå artiklane	Samanfatta tema
1. Barn som part i saka 2. Perspektiv på barn 3. Samtale aleine med sosialarbeidar 4. Små barn som ein del av noko større 5. Evner hjå barn	Syn på barn
1. Manglande ressursar 2. Mangel på rutiner og struktur	Struktur og organisatoriske forhold
1. Forventing om å levere resultat 2. Tid og stad for barn sin medverknad 3. Kommunikasjons evne 4. Tillit i relasjonar 5. Omtaling av barn	Profesjonsutøving

På bakgrunn av mi tolking av tema og samanfating av tema vil eg vidare gå inn på dei samanfatta tema og vise kva mi tematiske analyse seier om dei ulike tema frå artiklane.

4.3. Syn på barn

Funna i forskingsartiklane antydar at synet på barn og kva eigenskapar det blir tenkt at barn har, eller ikkje har, påverkar tydeleg arbeidet med medverknad. Sethre & Seim viser til små barn som har behov for tryggleik, støtte til utvikling og omsorg, at dei manglar vesentleg kompetanse som språk og at deira stemme vil kome fram gjennom at dei «blir sett» (2023, s. 43 – s. 46). Å ta utgangspunkt i at barn ikkje er part i saka og samstundes styrke oppfatninga om at barn har eit framtrudande behov for beskytting er nokon av dei sentrale punkta Stafford et al. framhevar (2022, s. 102 – s. 103). Tilsynelatande kan det verke for å vere ei gjentakande og gjennomgåande utfordring å plassere barn i ein posisjon som gjev dei utgangspunkt som deltakande samarbeidspartar. Både etablering av relasjon og tillit til barn, og at det ofte er mange vaksne rundt barn som også må inkludrast i arbeidet, er forhold som vidare negativt pregar hjelparar sine moglegheiter for å sjå på barn som meir aktive og deltakande aktørar (Koziel et al, 2023, s. 359). I og med at synet på barn tilsynelatande er eit tema som endå pregar hjelparar sitt arbeid på lite positive måtar, kan ein knytte dette opp mot ei grunnleggande forståing av barn som menneske. Forståinga om barn er «human-beings» eller «human-becomings», omhandlar om ein ser på barn som deltakande individ i eget liv, eller om barn er «adults in the making» (Uprichard, 2008, s. 303). Artikkelen til Uprichard baserer seg mykje i blant anna James & Jenks (1989) si *Theorizing Childhood*. Hjelparar sine fordommar, kunnskap og erfaringar kan verke for å ha ein direkte effekt på kva syn dei har på barna dei møter. For at barn skal kunne få anledning til å medverke, er hjelparar nøyddde å ha eit syn på barna som gjer det mogleg å realisere medverkad på ein hensiktsmessig måte.

4.4. Struktur og organisatoriske forhold

Hjelparar er i si profesjonsrolle del av ein instans som i stor grad opererer ut i frå eit sett med rammer og strukturar. For å sikre at instansar på tvers av geografisk lokasjon kan drivast så samkøyrte som mogleg, er desse rammene eit grunnleggande element. Intensjonen med nemnte forhold er truleg at det ska vere eit verktøy som bidreg positivt inn mot arbeidet som blir utført, men profesjonsutøvarane rapporterer at dette ikkje alltid er tilfelle. Stafford et al. framstiller korleis fokus på foreldre og familie i samband med opplevinga om å skulle produsere eit forventa resultat (2022, s. 104). Begrensa individuell- og team kapasitet, og ressurs mangel var heller ikkje komponentar i strukturen som bidrog til å kunne halde ein

barne-sentrert praksis. Koziel et al. vektlegg den positive effekten formelle dokument, rutiner og prosedyrer som fastslår eit bestemt tal samtalar ein skal ha med barn, samt retningslinjer for korleis ein skal føre samtalar med barn, ville hatt (2023, s. 369). Dersom strukturen og organisatoriske forhold rundt hjelparane ikkje styrkar deira yrkesutøving, er det naturleg å tenkje at det er behov for endring.

4.5. Profesjonsutøving

I profesjonsutøving knytt opp mot barn, vil det truleg i eit fleirtal av sakene vere fleire vaksne involvert i livet til barna. Ofte vil desse vaksne vere foreldre eller omsorgspersonar for barnet, som vil vere involvert i prosessar knytt til profesjonsutøvinga til hjelparane for å ivareta barnet. Koziel et al. går nærmare inn i denne tematikken, og forklarar korleis ein vaksnedominert praksis kan føre til at hjelparane kan ha lett for å miste fokuset av barnet (2023, s. 360). Foreldre og andre omsorgspersonar kan i nokre tilfelle la eigne problem ta over i samtalar og møte, noko som resulterer i at hjelparar ikkje får brukt tida til å fokusere på barnet. Å skilje barn frå sine omsorgspersonar, og ikkje sjå dei som ei samla eining kan vere endå eit hinder i profesjonsutøvinga. Fokusområdet ligger i samspelet mellom vaksne og barn, då hjelparar kan trekke nokre slutningar ut frå beskrivingar av barn sine uttrykk i samspel med vaksne rundt seg (Sethre & Seim, 2023, s. 44). For å skape relasjon til eit barn, vil tilgjengelegheita til profesjonsutøvaren vere avgjerande. Dersom det er svært problematisk for barn å få tilgang til informasjon og hjelp, vil det kunne resultere i at hjelparar ikkje får gjennomført profesjonsutøving ovanfor dei barna som trenger det (Seim & Slettebø, 2017, s. 887). Ei høg totalbelastning vil også verke negativt inn i profesjonsutøvinga. Emosjonelle påkjenningar, tal klientar og intensitet på saker vil spele inn i hjelparen sin kapasitet til å inkludere barn i profesjonsutøvinga si (Stafford et al. 2022, s. 105).

5.0. Drøfting

Formålet med drøfting er å diskutere korleis eg ved hjelp av relevante tema, teoriar, tidlegare forskning og egne erfaringar har vist korleis mine resultat svarer ut problemstillinga mi (Thidemann, 2019, s. 109.) Eg vil gjennom presenterte teoriar, tema, forskning og egne erfaringar svare ut korleis hjelparar på best mogleg vis kan sørge for at barn som er utsett for omsorgssvikt opplever at det blir lagt til rette for medverknad.

Kompleksiteten i arbeid med sårbare grupper menneske skapar utfordrande arbeidsforhold. Medverknad er eit stort perspektiv i arbeidet med utsette barn og unge, og noko som forutset at fleire faktorar ligg til rette. Hjelparar står i ein utfordrande posisjon, og eg tenkjer det er vanskeleg å kome fram til ein konkret prosess som vil kunne garantere for medverknad, men at nokre element vil bidra lang på veg mot ein slik prosess. Innleiingsvis i drøftingskapitlet vil eg diskutere barnesyn som knytast til kva forutsetningar hjelparar tileignar barn, for å legge til rette for medverknad. Vidare vil eg drøfte kva eksterne rammer som må vere implementert for å sikre hjelparar sine moglegheiter for å tilrettelegge for medverknad. Avslutningsvis vil eg drøfte kva komponentar som kan generere hjelparar som er trygge i si yrkesrolle.

5.1. Barnesyn

Alle artiklane bær eit preg av at hjelparar har eit perspektiv på barna som meir sårbare objekt enn aktive, handlande aktørar. Dersom barna blir sett på som sårbare barn som må ivaretakast og som ikkje veit kva som er til sitt eget beste, står ein i fare for å passivisere barn. Barn må vurderast individuelt ut frå alder og modning, slik som lovtekstar gjev føringar for, om barnet er i stand til å danne seg ei meining (Barnevernsloven, 2021, § 1-4). Sethre & Seim (2023) legg fram eit barnesyn som definerer barn som objekt med manglande kompetanse og at barna blir forstått ut ifrå kva relasjonar dei er i, samt observasjonar i samspel. Direkte kontakt mellom hjelparar og barnet har stor påverknad i kva moglegheiter barna har for å få uttrykke sin rett til deltaking. Koziel et al. (2023) belyser nødvendigheten av å sette av tid til relasjonsbygging med barna, for å forsøke så langt det let seg gjere å følgje barna sine ønsker og uttrykte behov. Posisjonen til barn har ein tendens til å bli oppfatta av hjelparar som anten

sårbare eller kompetente, men det kan vere gunstig å tenkje at desse oppfatningane kan eksistere samstundes og ikkje nødvendigvis er utelukkande ovanfor kvarandre. Å gje barn tilstrekkeleg og forståeleg informasjon, vil styrke deira moglegheit til å uttale seg om saker som vedrører deira liv. Hjelparar som ikkje trur barn forstår eller kan forstå, vil bidra til å svekke deira rett til å få medverke i saker som angår barna sine liv.

Barn som opplever å vekse opp i kår som ikkje er gode nok for å ivareta deira tryggleik og støtte positiv utvikling, får ofte ein spesiell status. Når ein snakkar om barn som har vore utsett for omsorgssvikt eller er utrygge i tilknyttinga si, kan det skje at desse barna blir sett i ein eigen kategori. Omsorgssvikt kan sjåast på som ein sårbarheit, samstundes kan ein også tenkje at det kan styrke nokre eigenskapar i barnet. Barn som ikkje har trygge omsorgspersonar, kan likevel ha gode lærarar, andre familiemedlem eller ein god trenar i nære relasjonar. Seim & Slettebø (2017) formidlar at nokre barn ser på hjelparar som en representasjon av kontinuitet i livet deira, då det kan vere få eller ingen andre vaksne som blir like sentrale for barna som det hjelparane blir. Det er viktig å sjå korleis barnet kan ha styrkar, og ikkje berre sette merkelapp på barn som sårbare. Barn kan ofte utvikle strategiar som gjev dei ein styrka evne til å lese menneske, både kroppsspråk og verbale uttrykk. I lys av dette er det høgst aktuelt å vere bevisst på kompleksiteten til barn sin posisjon for kva anledningar ein har for å tilrettelegge for at barn skal aktivt få delta og medverke.

Hjelparar har på bakgrunn av si utdanning og sin yrkestittel ein maktposisjon ovanfor barn. For at medverknaden skal bli reell og ikkje berre formell, er det naudsynt at hjelparar har bevisste forhold og reflekterer rundt si makt. Utan gode verdiar knytt til maktbalanse, vil ein risikere å misbruke makta og følgeleg hindre at barna kan få ivaretatt sin rett til å medverke.

5.2. Trygge rammer

I tilfelle der hjelparar opplever ein arbeidsplass eller eit yrkesfelt som ikkje bidreg positivt til god yrkesutøving, vert rammene rundt hjelparane ikkje optimale. Departement og direktorat som er opptatte av at profesjonsutøvarar skal utføre best mogleg arbeid ovanfor sine klientar, vil sende nokre signal rundt kva som er viktig for yrkesfeltet. Ved stort fokus på områder som tidsfristar eller økonomiske utgifter, samanlikna med fokus på at profesjonsutøvarar har nok tid og ressursar til å gjennomføre godt arbeid, vil hjelparar ha to ulike utgangspunkt. Å oppleve støtte frå leiinga kan ha overføringsverdi i at praksisfeltet speglar den støtta dei får.

Problematisering av rammer rundt hjelparar og barn er essensielt å kontinuerleg føre dialog om. På den eine sida er det avgjerande at det blir fastsett nokre rammer og føringar for å sikre lik moglegheit for alle hjelparar og barn, men på den andre sida er innhaldet i nemnte rammer nøydd å vere forma i samarbeid med dei som blir påverka av dei. Ofte vil det vere gunstig å basere rammer på erfaringsinnhenting frå hjelparar og barn, for å få eit inntrykk av kvar behovet ligg for føringar. Rammer som ikkje samsvarer med gjennomføring av hensiktsmessig yrkesutøving, vil potensielt skape barrierer mellom leiing, hjelparar og barn, som vidare vil kunne vere delaktig i skadeliding til barn.

Ikkje berre er rammene frå leiinga og overordna organ elementære, men kva rammer som blir definert i samarbeidet på tvers av instansar, sikrar forutsigbarheit for barnet. Behovet til profesjonsutøvarar for klare rammer og retningslinjer kan overførast på same måte til barn sitt behov for informasjon om kva rammer dei vaksne setter rundt barnet. Gjennom dialog og informasjon kan hjelparar i samarbeid med barnet opprette ei transparens ramme som er tydeleg for dei som skal inkludrast i den, samt at barnet får realisert sin rett til å medverke i forhold som angår barnet.

5.3. Tryggleik i yrkesrolla

Hjelparar som arbeider med barn i utsette livssituasjonar, har ein krevjande arbeidskvardag. I møte med menneske som kan opplevast som usikre, aggressive, redde, bekymra eller hjelpetrengande på eit vis, vil det vere naturleg å sjå til hjelparen for tryggleik. Det er eit stort ansvar å skulle ta i mot menneske som strevar, og dette krev at hjelparen står stødig i seg sjølv. To element vil vere avgjerande for om hjelparen er sikker i si rolle; fagleg kunnskap og arbeidserfaring. Desto meir fagleg kunnskap du tileignar deg og får øving i å anvende, jo meir sikker på eigen evne vil du truleg bli. Menneske som er utrygge kan ha tileigna seg evna til å lese andre menneske, både gjennom kroppsspråk, men også verbal kommunikasjon. Det er ein menneskeleg eigenskap å oppleve nervøsiteten rundt situasjonar eller oppgåver ein skal utføre for første gong, og ein vil truleg difor dempe dei ubehagelege kjenslene dersom ein kan støtte seg på fagleg kunnskap eller erfaring.

Kompetanse og kunnskap som truleg vil vere relevant i korleis ein som hjelpar på best mogleg vis kan legge til rette for medverknad for barn som har vore utsett for omsorgssvikt, kan kome frå eit breitt spektrum. Kunsten å vere ærleg både ovanfor seg sjølv som profesjonsutøvar, vil speglast i møte med barn, då det fell naturleg å opptre slik som ein i utgangspunktet ville gjort enn å fabrikkere ein opptreden. Trygge relasjonar innan kollegialen til profesjonsutøveren vil kunne støtte den enkelte hjelparen til å ha tillit og finne tryggleik i si yrkesrolle. Gjennom konstruktive tilbakemeldingar vil hjelparen over tid få bekrefta og styrka sin posisjon, og difor også ha større kapasitet til å legge til rette for medverknad for barna dei treffer.

6.0. Konklusjon

I min gjennomgang har eg forsøkt å sjå på korleis hjelparar på best mogleg vis kan sørge for at barn som er utsett for omsorgssvikt opplever at det blir lagt til rette for medverknad. Målet var gjennom nøye utvalde forskingsartiklar, teori, analyse og drøft, identifisere kva som må ligge til grunn for at mitt spørsmål skal kunne bli utført. Faktorane som har kome til syne har vore fleirfaldige, komplekse og ikkje minst viktige. Mykje kan tyde på at det til ei kvar tid vil vere ei utfordring å sørge for at barn som er utsette for omsorgssvikt opplever at det blir lagt til rette for at dei skal få medverke. Hjelparane sitt syn på barn sine evner og kompetanse, barn sin posisjon og forståing, samt forhold som spelar inn på rammene rundt treng gode forutsetningar for å skape ein fruktbar prosess. Medverknad kjem tydeleg til syne i samfunnet i dag, og har behov for ytterlegare og kontinuerleg arbeid i samarbeid med både hjelparane og barna.

Mitt arbeid med denne oppgåva har ført til at eg har tileigna meg ny kunnskap og innsikt innanfor dette området. Eg har blitt meir reflektert over eigen ståstad, og samtidig over viktigheita av å ha interesse for å vidareutvikle eit område som er langt frå ferdig utvikla. Vegen vidare etter mi oppgåve burde gå mot konkretisering av prosessar knytt til medverknad, noko som tydeleg er behov for å bli utført meir forskning på.

Litteraturliste

Alexander proff., Glorija proff., Toresen, G. & Steinrem, I. (Red.). (2018).

Barnas barnevern : Trygt, nyttig og samarbeidende for barn. Universitetsforlaget. * **9 sider.**

Amble, L., & Dahl-Johansen, C. (2016).

Miljøterapi som behandling ved komplekse traumer hos barn. Universitetsforlaget. * **12 sider.**

Aveyard, H. (2019). *Doing a literature review in health and social care: a practical guide.*

(4th edition). McGraw-Hill Education. * **20 sider.**

Barnevernsloven. (2021). *Lov om barnevern.* (LOV-2021-06-18-97). Lovdata.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97?q=barnevernsloven>

Barne- ungdoms- og familiedirektoratet. (2021, 27.mai). *Prinsipper og råd: Barn og unges medvirkning på systemnivå.* * **17 sider.**

https://www.bufdir.no/fagstotte/produkter/barn_og_unges_medvirkning__veileder/

Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (u.å.). *Hva er omsorgssvikt?* Henta 15.februar 2024 frå

<https://www.bufdir.no/barnevern/omsorgssvikt/>

Det norske akademis ordbok. (u.å.). *Bias.* Henta 15.februar 2024 frå

<https://naob.no/ordbok/bias>

Kandidatnummer: 6033

Fellesorganisasjonen. (2011). *Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar.*

Fellesorganisasjonen.

Gjertsen, P-Å. (2007). Det forebyggende barnevernet. I P-Å. Gjertsen (Red.),

Forebyggende barnevern: samarbeid for barnets beste (s. 15 – 40). Fagbokforlaget.

*** 25 sider**

Hart, R. A. (1992). Children's participation: From tokenism to citizenship.

UNICEF, International Child Development Center. *** 39 sider.**

Helsebiblioteket (2021, 17.september). Sjekkliste for vurdering av en kvalitativ studie. Henta 10. mai 2024 frå:

<https://www.helsebiblioteket.no/innhold/artikler/kunnskapsbasert-praksis/kunnskapsbasertpraksis.no#4kritisk-vurdering-41-sjekklister> ***5 sider.**

Koziel, S., Hultman, L., Spånberg Weitz, Y., Bertilsdotter, H., & Elmersjö, M. (2023). Failures in the Child Perspective: Social Worker's Experiences of Losing Focus of the Child. *The International Journal of Children's Rights*, 31(2), 352-377.

<https://doi.org/10.1163/15718182-31020006>

NOU 2017: 12. (2017). Svikt og svik: Gjennomgang av saker hvor barn har vært utsatt for vold, seksuelle overgrep og omsorgssvikt. Barne- og familiedepartementet. *** 223 sider.**

Nordhaug, I. (2018).

Kva ser vi – kva gjer vi; omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Skulen og barnehagen sine oppgåver. Fagbokforlaget. ***48 sider.**

Nøkleby, H., Langøien, L. J., Bergsund, H. B., Johansen, T. B. (2024). *Utfordringer for barn og unges medvirkning i barnevernet. En studie av forskningslitteratur og sentrale aktørers erfaringer*. Folkehelseinstituttet.

<https://www.fhi.no/contentassets/f5074f5538694749ba4664517714729a/utfordringer-for-barn-og-unges-medvirkning-i-barnevernet-rapport-2024.pdf> * **56 sider**.

Paulsen, V. (2022). *Barn og unges medvirkning i barnevernet*. Gyldendal. ***134 sider**.

Seim, S., & Slettebø, T. (2017). Challenges of participation in child welfare. *European Journal of Social Work*, 20(6), 882-893.

<https://doi.org/10.1080/13691457.2017.1320531>

Sethre, K. A., & Seim, S. (2023). Små barns muligheter til medvirkning i barnevernets undersøkelser. *Tidsskriftet Norges barnevern*, 100(1), 36-52.

<https://doi.org/10.18261/tnb.100.1.4>

Sjøvold, M. S., & Furuholmen, K. G. (2020). *De minste barnas stemme: sped- og småbarn utsatt for vold og omsorgssvikt*. (2.utgåve).

Universitetsforlaget. ***148 sider**.

Stafford, L., Harkin, J., Rolfe, A., Morley, C., & Burton, J. (2022). Frontline Worker's Challenges in Hearing Children's Voices in Family Support Services. *Australian Social Work*, 75(1), 96-110.

<https://doi.org/10.1080/0312407X.2021.1904427>

Storø, J. & Løkke, J. A. (2021). *333 ord du trenger når du studerer til barnevernspedagog, sosionom eller vernepleier*.

Kandidatnummer: 6033

Fagbokforlaget. * **146 sider**

Thidemann, I-J., (2019). *Bacheloroppgaven for sykepleierstudenter : den lille motivasjonsboken i akademisk oppgaveskriving.* (2.utgave).

Universitetsforlaget. * **125 sider.**

Tjora, A. (2021). *Kvalitative forskingsmetoder i praksis.* (4. utgåve.) Gyldendal. ***40 sider.**

Uprichard, E. (2008). Children as ‘Being and Becomings’: Children, Childhood and Temporality. *Children & Society*, 22(4). 303 – 313.

<https://doi.org/10.1111/j.1099-0860.2007.00110.x> * **11 sider.**

***Sjølvalt pensum: 1058 sider**